

GOD TID JUNICD17 - SANGTEKSTENE

Nyttårsbarnet

Når eit nytt år blir født går det veer av vind
Ut frå Afrikas kyster mot nord
Og når riene stig går eit nordlys i spinn
For å svale ei blivande mor
Når eit nytt år blir født går Mor Tid ned på rygg
Ho er sliten og trøtt, ho er arret og stygg
Men ho stoler på jordmora, utan å kny
Ber ho barnet sitt fram med ein himmel til ly

Sjå ho legg det i bleier, ho tar det til bryst
Det skal die og sove i fred
Og kanonane stilnar ved ufredens kyst
Der soldaten legg våpnet sitt ned
Og frå vår krok går vi fram til vogga og ser
At det liknar på mor si som spedbarna gjer
Og vi tar det på armen og ber det til dåp
I vårt stillaste sinn der det enno er håp

Hør no syng det ei babusjka aust i Moskva
Og ei Grandmother i Washington
Begge syng over vogga, dei syng like bra
Om den jorda vi deler på lån
Sjå no smiler eit barn gjennom fakter og ord
Så vi trur i eit glimt på ei grenselaus jord
Og eit lys slår i mot oss frå Afrikas bål
Når vi løfter vårt timeglas stille til - skål

Hei Februar

Hei Februar og velkommen
Sha la la la la du er vår favoritt
Befriende kald og langt fra sol og sommer
Sha la la la la og helt kjemisk fritt - for

Bilen full av pikk og pakk
Og reiseradio snikk og snakk
Og barn som vil ha is
Ei Campingvogn som lager kø
Fra Hurlomhei til Turtagrø
Hold fred, da jævla unger, please

Hei Februar...

Tjåka fullt på campingplassen
Får vi plass til luftmadrassen

Er vi heldig, vi
Rigger opp en paraply
Før regnet pøser ned fra sky
Vi smør med faktor minus ti

Hei Februar...

Svarte pølser svidd på grill
Med sure våte lomper til
I morra blir det sol
I teltet danser mygg og knott
I lysken suger det en flått
Og bakom synger hvepsebol

Ti pilsnere i en snor
Se hvilken morgenstund
Når du engang kommer neste sommer
Se Norges blomsterdal

Sha la la la la kjære februar
Sha la la la la du må aldri ta slutt
Sha la la la la kjære februar
Sha la la la la du må vare året ut

Måna den måna
Du spelte vemodig for meg - i måna den måna
Med stivklaka fingre og hatten på snei - i måna
Og fløyta bar hit gjennom gate og larm
En flik av en sammar så sjela ble varm
I måna den måna i månaden mars

Jeg ga visst no´n kroner og gjekk - i måna den måna
Men fløyta di att inni øret mitt hekk - i måna
Der hekk det ei strofe som gnog meg hver natt
Jeg måtte ha mer, ville finne deg att
I måna den måna i månaden mars

Men borte var du og jeg spør - i måna den måna
Hen blir det av tona når spellmannen dør - i måna
Når tona i fløyta igjen er blitt vind
Når vinden har stilna, hen går melodi`n?
I måna den måna i månaden mars

Det svarer der ute en sta`n - i måna den måna
Det finnes et bortafor bortafor land - i måna
Der svever ei fløyte av underlig blekk
Som speller og triller for alt som ble vekk
I måna den måna i månaden mars

April

Sjå April, sjå April, sjå April gamle brudgommen
Så stram på perrongen med blomst og nelliksmil
Sjå April, sjå April, han har brurslør i blikket
Der han venter på vårekspressen natt til første mai

For April, for April har en himmel i vente
Nå er brudgommen bønnhørt og kjærlighets betrudd
Hør det syng, hør det syng, hør det syng uti skinna
Det er nå eller aldri, det er nå, nå kjem 'a Mai

Skjønne Mai ut av toget, Gud skapnings vidunderlig brud
Så blomlett i kjaken, om kjøl-livet fin og grann
Skjønne Mai våt i synet, hu svever mot brudgommen sin
April får i øret det lengtede brude-ja

Sjå April, sjå April, sjå April gamle frier
Sjå han blekner og svimler, og knapt et jomfrukyss
Får April, får April før han svinner, og borte
Er han, borte før bryllupsnatta byr på brudevals

Skjønne Mai glade enke, hu kaster med brusende hår
Hu seiler med vinden, og brudgommen er alt glømt
Skjønne Mai glade enke veit våren har friere nok
Som venter på toget - for Mai vil alle ha

Tre søstre

Tre søstre vandrar her forbi. Så sant det går mot sommar
Kan du sjå dei hand i hand forbi der leia svingar nord
Tre søstre kjem og natta breier blomsterfanget ut
Og overalt står maestro klar med kor og stort orkester for
Mai Juni Juli
Tre søstre vandrar her forbi mot nord

Er Mai blug og blåveisblå går Juni fram så fri og freidig
Juli valsar heit om kinn til stakken står i sky
Eg får ein dans og vilt forelska prøvar eg å fri
Men alltid må dei vidare. Dei er visst ringforlova
Mai Juni Juli
Tre søstre ringforlova lenger nord

Og nordpå ventar August. Han har glimtet djupt i auget
Han er støvar så det duger når han tar dei alle tre
For August brenn og tar dei hardt, snart går dei opp i frø
Forstå det den som kan, men det er slik dei tre vil ha det
Mai Juni Juli
Tre søstre fell for August år for år

Sommarpappa

Juni - seier somme - er ein kjælen vind
På kjaken du har vendt mot sør
Juni - seier somme - er som ny musikk
Du liksom har hørt ein gong før
Juni er det finaste eg gøymer på
Her inne bak min vinterfrakk
Juni har eg venta på i vår og dag
No står det i min almanakk:

Juni Juni

Juni kjem med toget no i kveld
Susar avgårde med sløyfe i håret
Juni Juni
Nesa mot ruta og ho held
Hardt om bamsen sin

Ein pappa på perrongen att og fram
Ein sommarpappa ventar spent
Det skrapar i ein høgtalar: Tog frå sør
Kjem inn om to minutt omtrent
Sommarpappa, sommarpappa, Juni kjem
Ekspressen i frå sør glir inn
Sommarpappa, sommarpappa, ta i mot
Juni kinn mot kinn

Juni Juni

Så lange fine fletter du har fått
Liknar på mamma, heilt uforskamma
Juni Juni
Kjolen ein himmel blått i blått
Høgt på armen min

Sommarpappa Sommarpappa

Har du sakna meg?
Juni kjære Juni kjære
Hjertet mitt for deg

Juni Juni

Sommaren har vi to bestilt
Med solbær i buska, seiltur i huska
Juni Juni
Alt skal bli vidunderleg og vilt
For no kjem Juni heim

Sommarlåt

Det er ein sommar som er der du er som er
Den sommaren eg vil ha
For sommaren blir ingen sommar hos meg
Når du er ein annan stad
Javisst er det bier, blommer og klegg
Og fuggel som ligg på egg
Men svalene gjer ingen sommar hos meg
Før sommaren kjem med deg

Ta tog ta bil ta buss ta fly
Ta beina fatt
Ta sola med under kjolen din
Og gjørm ho hos meg i natt

La gå at det kryr på stranda
No som Norge har tatt seg fri
La gå at det smakar juli av
Eit jordbær på tunga mi
La gå det er lunk i vatnet
Og at båten er god og ro
Men nøkkrosa inni vika
Vil helst bli plukka når vi er to

Ta tog ta bil...

Det er ein sommar som har det du har som har
Det sommaren min må ha
Når du kjem og byr opp vinden til vals
Først då blir han ør og glad
Når pinnsvinet drikk av handa di
Då smakar mjølka vin
Og du berre du kan kunsten å klø
Eit myggstikk på ryggen min

Ta tog ta bil ta buss ta fly
Ta beina fatt
Ta sola med under kjolen din
Og gjørm ho hos meg i natt

Hest i august
Hest sku en være nå, hest i august
Med framtenna gule av symre og sommer
Hest sku en være nå, hest i august
Med mana strigla av sol
Hest sku en være nå, hest i august
Som venta ved grinda at noen sku komme
Hest sku en være nå, hest i august
Og vite at noen var du

Som kom over jordet med fletta på snei
Og godbit klar i handa
Tolv glade somre som tøyde seg
Med kjaken mot mulen min
Du la på meg sadel og svingte deg opp
Med jenteglans i øya
Med skjenklene sa du galopp
Så bar det avgårde mot skogen
- Hest, hest i august, hest -

Hest sku en være nå, hest i august
Som trippa i tølt under rognebærskyggen
Hest sku en være nå, hest i august
Med halen brusende høy

Jeg vrinska mot himlen og hovene slo
I trommedans mot stien
Du førte i dansen og lo
Da vi svingte hjem gjennom grinda
- Hest, hest i august, hest -

Hest sku en være nå, hest i august
Med måne i mana og sløyfe i luggen
Hest sku en være nå, hest i august
Som står her og drømmer i natt

Min sovende engel nå ser du på film
Som går bak øyelokka
Gjett om den filmen er fin
Gjett hva den videoen heter:
- Hest, hest i august, hest -

Sommar i september
I glaset står ei rose, ho feller bleike blad
Ho feller blad frå kjærleikens kalender
Ho spår om tidleg vinter, men når du held handa mi
Kjem brått eit drag
Av sommardag
Eit streif av det som er forbi

Sommar sommar i september
Så vakker du er
Når handa di er full av
Somma sommar i september
Når handa di er full av tid

Ei frosen marihøne kliv fram på handa di

Med små små steg mot høg septemberhimmel
Du syng Maria fly fly til ho flyg på stive veng
Men var eg ho
Blei eg i ro
Og fann i handa di ei seng

Sommar sommar...

Så lyg meg full av sommar, lyg meg full av deg
Som før då ingen sto oss to i mellom
Og la ei hissig rose springe ut mot vilden sky
Så trost og stær
Kan tru det er
På tid å bygge reir på ny

Sommar sommar i september
Så vakker du er
Når handa di er full av
Somma sommar i september
Når handa di er full av tid

Oktober
Vil du væra med meg til Oktober i år
Det er ledige plasser så vidt jeg forstår
Vil du væra med meg til Oktober i år
Ja så trykk på bestill med det samme

Det er mange som vil til Oktober, jeg trur
Vi er heldige vi som fikk sikra oss tur
Det er mye som skjer i Oktober, jeg trur
Vi er heldige vi som fikk visum

Oktober – du lengslenes kyst
Som venter på trekkfugl med reiselyst
Oktober – snart sjekker vi inn
På stjernehotellet i salt og vind
I Oktober

Det skal væra så fint i Oktober så vi
Kan se fram til å feire ei fargerik tid
Fjellet brenner så rødt i Oktober, så vi
Kan ha håp om en brann uti hjertet

Oktober – du fjellkatedral
Der heiloen messer og er kardinal
Oktober – som gotiske spir
Går gåsa i plog og blir souvenir
Fra Oktober

Det er godt vi kan dra til Oktober som to
For aleine ble reisa snautt halvveis så god
På en fortauskafè i Oktober vi to
Under lauvet som danser i gata

Oktober – vi fanger et blad
Og leser en spådom vi begge vil ha
Oktober – ei hand i ei hand
Som lukker seg sakte om drømmenes land
Oktober

Vår i november
Her noen ord fordi du er du
Fordi du er du, ja - du hos meg
Stadig den samme som aller første
Gang i november et sted

Stadig små brev, usynlige brev
Og øyne som svarer - svarer ja
Dagene flyr, men natta er vår her
Nord i november et sted

Din lette skygge, min skjeve skygge
Går i en rundsnu - rundsnu vals
Står vi og undres hvor godt vi danser
Vals i november et sted

Her noen ord fordi jeg er jeg
Og du holder ut med - ut med meg
Holder meg fast og lar meg få fly mot
Vår i november et sted

Gode stjerna
Gode stjerna du som lyser, gode stjerna du som ser
Alt som rører seg på jorda, alt av stort og smått som skjer
Gode stjerna som smiler gjennom verdas gråt
Alltid finn du en i innerste mørket å smile åt

Gode stjerna du som tentes neri Betlehem en gong
Ved en onge i ei krybbe, ved ei mor så sped og ung
Sia da er det mange vergeløse små
Mange flyktninger på villeste vegen å lyse på

Her i tunet er det stille etter dagens julemas
Og det kikker ut to auer bakom grønne stueglas:
Gode stjerna på blåna nå som natta fell
Vær så snill å skinne litt innom stua åt oss i kveld